



Utsleppsløyve etter forureiningslova til Statens vegvesen Region vest for utfylling i Liavatnet

Fylkesmannen gir Statens vegvesen Region vest utsleppsløyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22-6.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Ved endringar som kan ha noko å sei for miljøet, skal verksemda søkje om dette sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget av verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Statens vegvesen Region vest
Gateadresse	Askedalen 4
Postadresse	6863 Leikanger
Kommune og fylke	Bergen i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	974744414 eigd av 971032081
Gards- og bruksnummer	-
NACE-kode og bransje	84.130 Offentleg administrasjon tilknytt næringsverksemd og arbeidsmarknad

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2014.363.T	1201.0579.04	3

Løyve gitt: 21.08.2014	Endringsnummer:	Sist endra:
Sissel Storebø e.f. senioringeniør		Ingrid Torsnes senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift

¹ Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova

1. Løyvet omfattar

Løyvet gjeld utfylling av 900 000 m³ sprengstein på om lag 175 daa i Liavatnet. Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 2015-2018. Det skal fyllast stein opp til gjennomsnittleg 4 meter under opphavleg vasstand. Vasstanden vil vere mellombels senka med 4 meter under anleggsperioden. Tiltakshavar må innhente løyve til senking av vasstanden frå Norges vassdrags- og energidirektorat.

Utfyllinga skal skje i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Løyvet fritar ikkje verksemda frå å innhente løyve for dei delane av tiltaket som ikkje er regulert av forureiningslova.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å overhalde grenseverdier

Verksemda skal overhalde grenseverdier. Variasjonar i utsleppa skal ikkje avvike så mykje frå det som følgjer av normal drift at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.2 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønska. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i punkt 3.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å sei for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5-7².

2.4 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom unormale driftstilhøve eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, og om nødvendig, redusere eller innstille drift.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan føre til forureining. Verksemda skal varsle akutt forureining i samsvar med punkt 5.2.

² Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar

2.5 Internkontroll

Verksemnda pliktar å ha ein internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemnda følgjer opp krava i dette løyvet og i forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda pliktar alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva.

Verksemnda pliktar å sørgje for at dei som til ei kvar tid fyller ut stein, transporterer eller på annan måte handterer steinmassar, har internkontrollsystem.

3. Avbøtande tiltak

3.1 Tiltaks mål

Det er eit mål å oppretthalde Liavatnet som eit fungerande vassystem. Det skal til ei kvar tid i anleggsperioden sikrast samanhengande vassmassar mellom Tennebekkselva, Liavatnet og Mølleelva.

Innsjøen skal utformast slik at det mogeleg for fortsatt habitat for aure og ål. Det skal vere tilgang for aure til gyteområda i Tennebekkselva.

3.2 Utsleppsavgrensingar

Utfylling i Liavatnet skal gjennomførast som vist på plankartet vedlagt søknaden. Oppfylling skal avsluttast 4 meter under normal vasstand. Ein djupvassål skal behaldast på austre sida av vatnet for å unngå tørrelegging av vatnet med tilhøyrande bekkar.

Det kan fyllast maksimalt 900 000 m³ massar i Liavatnet. Til utfylling skal det berre brukast steinmassar. Det er ikkje lov å bruke avfallsfraksjonar frå byggje-, rive eller vegarbeid til utfylling.

3.3 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Steinmassane skal leggjast ut så skånsamt som mogeleg. Det skal etablerast ei siltgardin rundt tippsona i Liavatnet for å hindre spreining av lettare forureina botnsediment, steinstøv frå sprengsteinen, plastfibrar frå emballasje og skyteleidningar.

Det skal etablerast ei siltgardin ved utløpet av Mølleelva i Gravdalsvatnet som ei ekstra sikring. Denne siltgardina skal hindre spreining av eventuelle partiklar nedstrøms. Siltgardina skal dekke heile vassøyla, og vere overflatetett slik at eventuell plast kan samlast opp. Det skal vere dagleg kontroll med at siltgardina fungerer etter føremålet.

I anleggsperioden skal ein i samband med utfylling gjere jamlege målingar av turbiditet og pH. Grensa for turbiditet i Gravdalsvatnet, skal ikkje overstige

referanseverdien i vatnet med meir enn maksimum 4 FTU. Ved pH-verdi over 8,5 skal det setjast i verk avbøtande tiltak.

Etter bruk skal siltgardinene leverast til godkjent mottak.

3.4 Re-etablering av Liavatnet

Det er laga ein plan for re-etablering av Liavatnet etter ferdig utfylling.

Dersom det viser seg at ein etter ferdigstilling av prosjektet har redusert kvaliteten i vassdraget i form av øydelagde gytegroper eller liknande, så skal det utførast opprydding og habitatforbeholdende tiltak for å rette opp forholda. Dersom det er nødvendig med utsetjing av aure, så er dette eit søknadspliktig tiltak. Søknad skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

4. Avfall

4.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemnda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemnda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å syte for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta³.

4.2 Handtering av farleg avfall

Verksemnda skal handtere farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal verksemnda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal òg sikrast mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan sikrast mot uvedkommande.

5. Beredskapstiltak mot akutt forureining

5.1 Etablering av beredskap

Verksemnda skal etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Med akutt utslepp meiner ein òg mindre olje- og kjemikalieutslepp.

Beredskapen skal heile tida vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda representerer.

5.2 Varsling om akutt forureining

Verksemnda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining til lokalt brannvesen i samsvar med gjeldande forskrift⁴. Verksemnda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmhopostmottak@fylkesmannen.no.

³ Avfallsforskrifta. Gjenvinning og handtering av avfall

6. Overvaking/resipientkontroll

6.1 Overvakingsprogram

Det skal utarbeidast eit overvakingsprogram for vassdraget ned mot Gravdal. Overvakingsprogrammet skal sendast til Fylkesmannen og til Bergen kommune før utfyllinga startar. Det er eit krav i reguleringsplanen for Liavatnet at Bergen kommune skal godkjenne overvakingsplanen.

Overvakingsprogrammet skal definere målefrekvens, måleparameterar, målepunkt og referanseverdi. Programmet skal innehalde ein plan som set i verk tiltak dersom det oppstår høg pH og/eller spreining av partiklar ut i Gravdalsvatnet. Dersom det oppstår sterk blakking og spreining av partiklar skal Fylkesmannen varslast.

7. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta føre tilsyn med anlegget når som helst.

⁴ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining